



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kommunehuset
Dato:	27.04.2010
Tid:	13:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Magne Reiten	NESTL	SP
Frits Inge Godø	MEDL	V
Helge Orten	LEDER	H
Aslaug Jensen Sanden	MEDL	H

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Line Akselvoll	MEDL	AP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Reidar Tangen	Line Akselvoll	TVP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Geir J. Göncz	Rådmann
Anne Oterhals	Økonomisjef
Stian Løken	Rådgjevar oppvekst
Leif Arne Lagesen	Leiar Helse og omsorg
Gunn Hole	Sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Helge Orten
Sign

Magne Reiten
sign

Aslaug J. Sanden
sign

Reidar Tangen
Sign

Frits Inge Godø
sign

SAKSLISTE

Saksnr	Innhold	Arkivsaknr
PS 10/18	Godkjenning av protokoll	
PS 10/19	Referatsaker	
PS 10/20	Delegerte saker	
PS 10/21	Årsrapport 2009	2010/160
PS 10/22	Bu og driveplikt på Gnr 46 bnr 4 - Oddhild Klauset.Klage	2010/16
PS 10/23	Innføring av Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp, administrative og tekniske bestemmelser.	2010/156
PS 10/24	Avtale om overføring av rett for Molde og Romsdal havn IKS til å disponere havne -og kaianlegg samt andre havnefasiliteter ingått mellom Midsund kommune og Molde og Romsdal havn IKS	2009/267
PS 10/25	Høyringsutale - Forskrift om orden i og bruk av farvann og havner i Aukra, Fræna, Midsund, Molde, Nesset, Rauma og Vestnes kommuner - Molde og Romsdal Havn IKS - Møre og Romsdal	2010/116
PS 10/26	Nytt aktivitetssenter for Butenesta (saka vert ettersendt)	2009/581

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

PS 10/18 Godkjenning av protokoll

Behandling i Formannskapet - 27.04.2010

Møteprotokoll for møte i Formannskapet 16.03.2010 blei samrøystes godkjent.

Vedtak i Formannskapet - 27.04.2010

Møteprotokoll for møte i Formannskapet 16.03.2010 blei samrøystes godkjent.

PS 10/19 Referatsaker

Behandling i Formannskapet - 27.04.2010

Stian Løken, rådgjevar oppvekst orienterte formannskapet om skuleprosjektet sin status pr. i dag. Styringsgruppa vil sjå på fleire alternativ og prosjektarbeidet tek difor lengre tid enn planlagt.

Når det gjeld prosjekt ny barnehage vil han ha forprosjektet klar til møtet i juni.

Stian Løken la og fram ei problemstilling frå rektor ved Midsund skule om neste skuleår 2010/11. Det vil bli ein stor 5. klasse frå hausten av og det var retta spørsmål om det skulle være ei stor gruppe eller om deling i 2 grupper. Det er fagleg anbefalt at gruppa delast.

Frå hausten av vil det og bli utvida med 1 t ekstra i veka. Det vil kome ei sak til juni møtet då det blir lagt opp til 5 dagars veke til 5. klasse. Leksehjelp og meir fysisk aktivitet er eit forslag for å fylle ut dei "åpne" timane.

Frits Inge Godø (V) etterlyste utlysning av vikariatstillingar for lærarar som skal i permisjon.

Rådmann Geir J. Göncz informerte om høyringsforslag til Strategi 2020 som vil kome rett til kommunestyremøte 06.05.10.

Ordførar Helge Orten (H) stilte spørsmål om avløpsprosjektet i sentrum. Rådmannen vil kome med ei orientering til formannskapet i møtet i Tiltaksnemda i forkant av kommunestyremøtet 6.05.10.

Ordføraren informerte om Møreaksen der det vil kome ei konseptutvalutredning på fergefri stamvegtrase frå Moa til Krifast i mars 2011.

Når det gjeld kollektivtransporten i kommunen på laurdagar, kunne ordføraren gje tilbakemelding om at den vil gå som før.

Etter samtaler med Fjord1 kunne han og opplyse om at det kan sjå ut til at rute 30 får behalde 6.10 avgangen.

I saka drosjeløyva i Midsund skal ordføraren i eit internt møte med Møre og Romsdal fylke for å diskutere problemstillinga.

Vedtak i Formannskapet - 27.04.2010

Referatsakene vart tatt til vitande.

PS 10/20 Delegererte saker

Behandling i Formannskapet - 27.04.2010

Det var ikkje delegererte saker oppe i møtet.

Vedtak i Formannskapet - 27.04.2010

Det var ikkje delegererte saker oppe i møtet.

PS 10/21 Årsrapport 2009

Forslag til vedtak:

1. Årsrapport 2009 for Midsund kommune, som inneheld årsmelding og årsrekneskap, vert godkjend.
2. Udekka i investeringsregnskapet for 2009 på kr 179.641,- blir dekt med bruk av ubunde investeringsfond

Behandling i Formannskapet - 27.04.2010

Eit meir utfyllande forslag til vedtak frå rådmannen blei lagt fram i møtet :

1. *Årsrapport 2009 for Midsund kommune, som inneheld årsmelding og årsrekneskap, vert godkjend.*
2. *Rekneskapsmessig mindreforbruk for 2009 på kr. 11.603,53, etter dekking av rekneskapsmessig meirforbruk frå 2007 på 1.250.821, 62 og kr. 232.642,- av rekneskapsmessig meirforbruk frå 2008, settes av til disposisjonsfond.*
3. *Udekka i investeringsregnskapet for 2009 på kr 179.641,- blir dekt med bruk av ubunde investeringsfond*

Votering.

Nytt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.04.2010

1. *Årsrapport 2009 for Midsund kommune, som inneheld årsmelding og årsrekneskap, vert godkjend.*
2. *Rekneskapsmessig mindreforbruk for 2009 på kr. 11.603,53, etter dekking av rekneskapsmessig meirforbruk frå 2007 på 1.250.821, 62 og kr. 232.642,- av rekneskapsmessig meirforbruk frå 2008, settes av til disposisjonsfond.*
3. *Udekka i investeringsregnskapet for 2009 på kr 179.641,- blir dekt med bruk av ubunde investeringsfond*

PS 10/22 Bu og driveplikt på Gnr 46 bnr 4 - Oddhild Klauset.Klage

Forslag til vedtak:

Midsund kommune held fast på kravet om at Oddhils Klauset må søkje konsesjon på overtaking av heimel til gnr 46, bnr 4 i Midsund.

Klaga vert oversendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til vidare handsaming.

Behandling i Formannskapet - 27.04.2010

Ordførar Helge Orten (H) fremma følgjande forslag :

Saka vert utsett til møte i Formannskapet i juni.

Vedtak i Formannskapet - 27.04.2010

Saka vert utsett til møte i Formannskapet i juni.

PS 10/23 Innføring av Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp, administrative og tekniske bestemmelser.

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre godkjenner og innfører "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" av 2008 som avtalevilkår mellom kommunen og abonnenten.
2. Avtalevilkåra blir eit tillegg til "Forskrift om vass –og avløpsgebyr i Midsund kommune".

Behandling i Formannskapet - 27.04.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.04.2010

1. Midsund kommunestyre godkjenner og innfører "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" av 2008 som avtalevilkår mellom kommunen og abonnenten.
2. Avtalevilkåra blir eit tillegg til "Forskrift om vass –og avløpsgebyr i Midsund kommune".

PS 10/24 Avtale om overføring av rett for Molde og Romsdal havn IKS til å disponere havne -og kaianlegg samt andre havnefasiliteter inngått mellom Midsund kommune og Molde og Romsdal havn IKS

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune godkjenner "Avtale om overføring av rett for Molde og Romsdal havn IKS til å disponere havne -og kaianlegg samt andre havnefasiliteter inngått mellom Midsund kommune og Molde og Romsdal havn IKS" datert 19.03.2010.
2. Midsund kommune ber Molde og Romsdal havn IKS korrigere landarealet ved Stormyra Industrikai som i vårt kartutsnitt av 15.04.10.

Behandling i Formannskapet - 27.04.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.04.2010

1. Midsund kommune godkjenner "Avtale om overføring av rett for Molde og Romsdal havn IKS til å disponere havne -og kaianlegg samt andre havnefasiliteter inngått mellom Midsund kommune og Molde og Romsdal havn IKS" datert 19.03.2010.
2. Midsund kommune ber Molde og Romsdal havn IKS korrigere landarealet ved Stormyra Industrikai som i vårt kartutsnitt av 15.04.10.

PS 10/25 Høyringsutale - Forskrift om orden i og bruk av farvann og havner i Aukra, Fræna, Midsund, Molde, Nesset, Rauma og Vestnes kommuner - Molde og Romsdal Havn IKS - Møre og Romsdal

Forslag til vedtak:

Formannskapet tek forslag til forskrifta til vitande og har ikkje merknadar.

Behandling i Formannskapet - 27.04.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.04.2010

Formannskapet tek forslag til forskrifta til vitande og har ikkje merknadar.

PS 10/26 Nytt aktivitetssenter for Butenesta

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune kjøper "Istad bygget", Rakvåg, for kr. 1.850.000,-
2. Ombygging og gebyr innafor ei ytre ramme på kr. 650.000,-
3. Det vert inngått framleigeavtale med Istad AS i 5 år for kr. 24.000,- pr. år som blir teke inn i drifta.
4. Budsjett 3760 blir korrigert med kr. 135.000,- til driftsutgifter 4216.1630 for driftsåret 2010.
5. Aktivitetssenteret "Eik" seljast, beløpet går til frådrag på lån.

Behandling i Kommunalt råd for funksjonshemma - 26.04.2010

Medlem Martha Midtbø stilte spørsmål om sin habilitet. 2 voterande.
Ho blei samrøystes kjent inhabil.

2 voterande.

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Kommunalt råd for funksjonshemma - 26.04.2010

1. Midsund kommune kjøper "Istad bygget", Rakvåg, for kr. 1.850.000,-
2. Ombygging og gebyr innafor ei ytre ramme på kr. 650.000,-
3. Det vert inngått framleigeavtale med Istad AS i 5 år for kr. 24.000,- pr. år som blir teke inn i drifta.
4. Budsjett 3760 blir korrigert med kr. 135.000,- til driftsutgifter 4216.1630 for driftsåret 2010.
5. Aktivitetssenteret "Eik" seljast, beløpet går til frådrag på lån.

Behandling i Formannskapet - 27.04.2010

Ordfører Helge Orten (H) fremma følgjande forslag :

Rådmannen får i oppgåve å utarbeide eit forslag til nytt aktivitetssenter innanfor ei ramme på 4,5 mill.

Votering.

Forslag fremma av Helge Orten (H) vart vedteke med 3 mot 2 stemmer.

Vedtak i Formannskapet - 27.04.2010

Rådmannen får i oppgåve å utarbeide eit forslag til nytt aktivitetssenter innanfor ei ramme på 4,5 mill.